



# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

**Møtestad:** Fjærland

**Dato:** 26.11.2024

**Tidspunkt:** 10:00 - 16:00

## Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	Sunnfjord kommune
Hege Lothe	Medlem	Vestland fylkeskommune
Mariel Eikeset Koren	Medlem	Gloppen kommune
Stig Ove Ølmheim	Medlem	Sogndal kommune
Andreas Wollnick Wiese	Leiar	Luster kommune

## Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Stine Fjellkårstad	Nestleiar	Stryn kommune

## Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Vidar Stavik	Stine Fjellkårstad	Stryn kommune

## Merknader:

## Andre frammøtte:

Namn

Tor Arne Hauge

Trygve Snøtun

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Andreas Wollnick Wiese

Vidar Stavik

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 36/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 37/24	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 38/24	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Drift av styret og årsplan for 2025		2024/17204
ST 39/24	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Bestillingsdialog og tiltaksplan - 2025		2024/17214
ST 40/24	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 4/24	Uttale - Oppgradering av Brævasshytta med tunområde - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre		2024/15384
RS 5/24	Opprydding nasjonalpark - rapport		2024/13758
RS 6/24	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - referat etter dialogmøte - Fagleg rådgjevande utval og Administrativt kontaktutval 2024		2019/5041
RS 7/24	Førebels svar i forvaltningssak		2024/16195

Orienteringssaker:

1. Status tiltaksplan og økonomi 2024.
2. Øvingsplan Skjåk RKH 2025-2030.
3. Markering av FN sitt breår i 2025.
4. Mediesaker sidan sist.

### **ST 36/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 26.11.2024**

##### **Handsaming i møte**

Styret ønskjer å få oppdatert kalenderinvitasjon i god tid før styremøta.

##### **Vedtak**

Ingen merknader til innkalling og sakliste til dette møtet.  
Samrøystes vedteke.

### **ST 37/24 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar**

## Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 26.11.2024

### Handsaming i møte

Vidar Stavik vart føreslege til å skrive under protokoll i lag med styreleiar.

### Vedtak

Vidar Stavik vart vald til å signere protokoll i lag med styreleiar.  
Samrøystes vedteke.

## ST 38/24 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Drift av styret og årsplan for 2025

### Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 26.11.2024

#### Handsaming i møte

Styret drøfta drift av styret og årsplan for 2025. Endeleg forslag til datoar blir lagt fram for styret til neste møte, når møteplanane til dei ulike kommunane og fylkeskommunen er klare.

Styret spelte inn at det var ønskje om studietur i løpet av perioden, og helst i 2025. Det er fleire både stader å besøke og tema å utforske på ein studietur. Som til dømes forvaltning av verneverdiar i samband med:

- besøksforvaltning
- klimaendringar
- reiseliv og utvida sesongar

Styret utfordra sekretariatet til å undersøke om dette let seg gjere, søke om midlar og eventuelt planlegge ein studietur.

Styret var positiv til å auke planmiddelposten noko for å få ei fuglekartlegging i Befringsdalen.

Jamfør handsaminga over ønskjer nasjonalparkstyret å auke driftsbudsjettet for å kunne reise på studietur, samt auke planmidlar for å få ei fuglekartlegging i Befringsdalen.

#### Vedtak

Nasjonalparkstyret skal møte med jamne mellomrom i 2025 for å arbeide vidare med forvaltningsplanen. Styret skal gjere vedtak i dispensasjonssaker og følgje opp tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdiane, med utgangspunkt i følgjande årshjul:

- Januar/Februar: Styremøte
- Mars: Styremøte (Bestillingsmøte 2)
- Juni: Styremøte med synfaring
- August: Styremøte med synfaring
- Oktober: Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval
- November: Styremøte (Bestillingsmøte 1)

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre godkjenner framlegg til drift av styret for året 2025 på Kr 334 000,- jf. saksutgreiinga. Styret godkjenner også budsjettet på kr 30 000,- i planmidlar og kr 150 000,- i grunnstøtte drift. I tillegg ønskjer styret å auke driftsbudsjettet for å gi høve til studietur og fuglekartlegging i Befringsdalen.

Sekretariatet legg inn budsjettet i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter (ESS) innan fristen den 10. januar 2025. Sekretariatet får fullmakt til å gjere mindre endringar på budsjettet dersom dette viser seg nødvendig fram mot innmeldingsfristen.

Samrøystes vedteke.

## **ST 39/24 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Bestillingsdialog og tiltaksplan - 2025**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 26.11.2024**

#### **Handsaming i møte**

Styret drøfta tiltaksplanen for 2025.

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltarar.

#### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek Tiltaksplan for Jostedalsbreen nasjonalpark 2025 slik den ligg føre.

Sekretariatet får fullmakt frå styret til å leggje til mindre tiltak og justere summar fram mot søknadsfrist 10.januar 2025 i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadsregister (ESS).

Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, då dette skal gje grunnlag for bruk av nasjonalparken som ein ressurs for lokalsamfunna. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må difor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, samt vedlikehald av stiar, restaurering og tilrettelegging i område som toler meir bruk.

Skjøtsel av kulturlandskap skal i 2025 prioriterast i alle område med utarbeidd skjøtelsplan. Skjøtsel skal utførast i nært samarbeid med grunneigarar/brukarar og SNO.

Samrøystes vedteke.

## **ST 40/24 Orienterings- drøftings- og referatsaker**

# Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 26.11.2024

## Handsaming i møte

I RS 7/24 Førebels svar i forvaltningssak om grenseendring av nasjonalparken kring Bødalssæter vart følgjande diskutert:

Nasjonalparkstyret er skeptisk til å sette i gang prosess for å endre vernegrensene kring Bødalssætra. Ei grenseendring er ein omfattande prosess som vil krevje mykje ressursar, og kunne skape uheldig presedens. Styret ønskjer å finne ut kva som er bakgrunnen for ønskje om grenseendring, og ønskjer å invitere Bødal sameige til eit møte for å drøfte forvaltning og skjøtsel kring Bødalssætra.

I tillegg til referatsaker i sakslista, orienterte sekretariatet om desse sakene på møtet:  
Orienteringssaker:

1. Status tiltaksplan og økonomi 2024.
2. Øvingsplan Skjåk RKH 2025-2030.
3. Markering av FN sitt breår i 2025.
4. Mediesaker sidan sist

## Vedtak

Nasjonalparkstyret ber sekretariatet om å invitere til møte med Bødal sameige for å drøfte forvaltning og skjøtsel kring Bødalssætra.

Nasjonalparkstyret ber sekretariatet om å samarbeide for å markere FN sitt breår i 2025 med andre aktørar.

Nasjonalparkstyret tok resten av referatsakene og orienteringssakene til vitande.